



Styremøte LHK mandag 8 juni 2015 kl 20.00

Oppmøtte: Elise, Irene, Miriam, Alexander, Helga og Adelheid.

Sak 1: Advarsel brev og samtale med bureigar i Svearekka

- Styret er samde om at burleigar skal få eit advarsel brev. Styret gir fullmakt til at Elise og Helga forfattar brevet. Styret vil oppfordre burleigar til å vurdere eige vidare hundehold, og eventuelt få seg ein handler. Helga overleverer brevet personleg.
- Det vil stå i brevet at burleigar har no fått to muntlege advarslar og det tok lang tid før saken vart ordna av burleigar. Dette er ein skriftlig advarsel. Burleigar vil ikkje få fleire advarslar. Styret vil vise nulltoleranse ved neste eventuelle overtredelse. Brevet vil også inkludere liste med forslag til tiltak.

Sak 2: Venteliste og buroversikt

- Per dags dato står det 32 personar på ventelista. Det vil utover sommaren/hausten bli nokre ledige plassar etter folk i klubben som skal flytte.
- Helga tar ein runde og oppdaterer bur- og venteliste etter sommaren, ettersom det blir ein del endringar i løpet av sommaren. Personar øverst på lista vil bli spurde om dei fortsatt ynskjer å stå på ventelista.
- Helga har byttet frå bur 41 til eit av Eike Müeller sine bur. Vemund Solli har overtatt bur 41. Dette blei gjort våren 2015.
- Avklare kven som overtar buret etter Anna Hormes. Styret vil la Anne finn ut av om hunden, Buffy, kan leve på fastlandet i løpet av sommaren, dersom ikke vil bur følgje hund.
- Styret vil til neste år endre vedtektene for burutleige. Slik at burleigar kan leige ut eit bur til andre i maks eit år.

Sak 3: Bruke hundeskit som fyllmasse utenfor by hundegården

- LHK sin hundegård er einaste hundegården som betaler for å få kjørt bort skiten i container.
- Styret ynskjer å søke lokalstyret om tillatelse til å dumpe hundeskiten som fyllmasse utenfor/rundt hundegården og byhundegården.
- Det vil bli teikna inn 2 – 3 moglege alternativ på eit kart.
- Dette vil gjere at klubben vil spare pengar på å ikkje tømme skit containeren.
- Styret støtter prosjektet. Elise lufter saken med Longyearbyen lokalstyre.

Sak 4: Dugnadsplaner 10 og 11 juni

- Løpetidsburene må ryddes ettersom folk har brukt dei i løpet av vinteren og ikkje har rydda etter seg. I det eine løpetidsburet må det settes inn nye gjerdekrammer.
- I den gamle luftegården må nettingen ut mot vegen fiksast. Må og sjekke at det er nok gjerdekrammer i stolpane ellers i hundegården/nye luftegården.
- Styret vil og få tak i nye paller til hundegården. Vil undersøke med Imtech og Bring.
- Rydde og vaske i klubbhuset.

- Vaske golvet på utstyrsrommet/kaldlageret.
- Ein utfordring på dugnaden vil bli å kjøre avfallet på avfallsanlegget. Undersøke med medlemmer som har henger: Frank, Stefano, Jens.
Forslag til ei løysing vil vere å laste opp ein henger på onsdagen og tømme den på torsdagen. For så å fylle ein henger på torsdagen og tømme den på fredag.
- Styret har bestemt at klubben kvitter seg med den store ATV'en. Dei andre får stå eit år til.
- Undersøke de gamle (grønlands)sledene som står på paller utenfor lille løpegård. Dei bli kasta om ingen melder seg som eigar.
- Elise sender ut ein siste oppmuntrande melding på facebook.

Sak 5: innkjøp av verktøy og diverse

- Elise har anmodet om utbetaling av korkpenger. Skal nå komme 100.000 kroner til LHK.
- For korkpengane vil det bli kjøpt verktøy til klubben. Ser og ut til at LHK burde kjøpe litt slagg. Troels har sendt ein forespørsel om å få slagg utenfor inngangen til nydelen i hundegården. Styret ønsker at Troels, eventuelt andre burleigarar i nydelen, bestiller ytterligere ein time til med kjøring av slagg. Begge lass blir lagt utenfor nydelen. Men eine lasset vil bli tilgjengelig for alle i klubben til grusing av bur etc. Prøve å få nokon til å flytte deler av det.
- Har fått forespørsel frå Troels om styret ønsker å kjøpe inn dør slåer til klubben. Styret meiner dette blir for mykje administrering for styret. Det er styret si oppfatning at bureigar sjølv er ansvarlig for å kjøpe dør slåer eller anna lås til burdører i sine egne bur.
- Befaring av eventuell hundekjører veg. Elise forespør Ingvild S. Vatn eller Margit Dyrland om dei vil stille opp på møte på vegne av LHK
- Elise har fått telefon frå leiar av Svalbard Skimaraton. Han ønsker hundeløp i forbindelse med Svalbard Skimaraton 2016. Dette for å synleggjøre hundekjøring. Svar fra styret: Det blir for seint på året. Det er for varmt for hundene. På den tida av året. Klubben har i tillegg eige løp (Trappers Trail for eksempel). Kan eventuelt arrangere eit barneløp. Styret er ikkje interessert i konkurranse løp, eller å flytte Trappers Trail. Eventuelt avslutnings løp med "barne/ungdomsklubben" kan vere aktuelt. Ein i styret vil lufter dette for Janne og Tina. Elise svarer på forespørselen. Avventer svar.
- Kickbiken som er blitt bestilt til LHK er litt forsinka. Men trollvognene skal etter planen komme i morgon.

Møte hevet kl 21.30.

Adelheid Mæland
Sekretær